



Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Høyanger kommune

Gjeldande frå 01.04.2022.

Innhald

1. Føremål
2. Heimel for dei alkoholpolitiske retningslinene
3. Definisjonar
4. Bruksområdet
5. Salsløyve
6. Skjenkeløyve
7. Uteareal
8. Endring i eigartilhøve og konsept
9. Opningstider
10. Skjenketider
11. Sakshandsamingstid
12. Løyveperiode
13. Kontroll
14. Sanksjonsformer
15. Sakshandsaming
16. Klage
17. Bevillingsmynde

1. Føremål

Ut frå dei store negative konsekvensar som bruk/misbruk av alkohol medfører for samfunnet, einskildmennesket og familiar, har Høyanger kommune vedteke følgjande målsetting for sin alkoholpolitikk:

Kommunen sine retningslinjer signaliserer kommunen sine haldningar til rusmiddel. Retningslinjene er samstundes med på å gi rammer for ei trygg og positiv oppleving rundt stader der det vert servert alkohol. Høyanger kommune har som mål å ha god oversikt over, kontrollere, og redusere forbruket av alkohol.

2. Heimel for dei alkoholpolitiske retningslinene

Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. av 02.06.1989 nr 27 (alkoholova) med tilhøyrande forskrifter, regulerer innførsel og omsetning av alkoholhaldig drikk. Alkoholova § 1-7d krev at kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Dei alkoholpolitiske retningslinene er ein del av kommunen sin ruspolitiske handlingsplan. Alkoholova med forskrifter, kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer og forvaltningslova regulerer sakshandsaminga av sals- og skjenkeløyve.



3. Definisjonar

Sal: Med sal forstås ein overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking utanfor salsstaden, jf alkohollova § 1-4 første ledd.

Skjenking: Med skjenking forstås ein sal for drikking på staden. Oppfatta som skjenking vert det også når løyvehavar veit om at det vert drukke i delar av huset som løyvehavar har til rådvelde, eller på andre stader på eigedomen, eller i huset sin nære omgjevning, jf alkohollova § 1-4 andre ledd.

Løyve: Sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer som omfattast av retningslinene, kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve, jf alkohollova § 1-4a.

Alkoholhaldig drikk, jf forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 1-1:

- Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

Styrar og stadfortredar: Styrar og stadfortredar må vere tilsett på sals- eller skjenkestaden, eller arbeide i verksemda i kraft av eigarstilling. Som styrar kan berre utpeikast den som har styringsrett over sal eller skjenking, og med ansvar for å føre tilsyn med utøving av løyvet. I styrar sitt fråvære pliktar stadfortredar å vere tilstades og såleis ta ansvar og mynde for løyvet. Styrar og stadfortredar må vere over 20 år, og ha gjennomført kunnskapsprøve om alkohollova, jf alkohollova § 1-7c. Kunnskapsprøve om alkohollova kan gjennomførast i lokala til kommunalsjef for helse og omsorg ved Helsesenteret i Høyanger. Ein viser elles til punkt 6.1 i desse retningslinjene om alminneleg skjenkeløyve.

4. Bruksområde

Dei alkoholpolitiske retningslinene gjeld løyve for sal av alkoholhaldig drikk, samt skjenkeløyve.

5. Salsløyve

5.1 Generelt om salsløyve

Alkohollova § 1-7 bestemmer at kommunen gir salsløyve med mindre det vert gjeve statleg løyve etter alkohollova kapittel 5.

Kommunen har ikkje sett tak på tal salsløyve som vert gjeve.

Det vert ikkje gjeve salsløyve til kiosk/storkiosk eller bensinstasjon.

På salsstaden skal det vere tydeleg skilting som opplyser om 18 års aldersgrense for kjøp av øl og cider.



Det skal som hovudregel vere både ein styrar og ein stadfortredar knytt til salsløyvet, jf alkoholova § 1-7c.

5.2 Salstider

Sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan føregå på kvardagar frå klokka 09.00 til klokka 20.00. Sal av alkoholhaldig drikk på laurdagar og dagar før heilagdagane kan skje frå klokka 09.00 til 18.00.

Dette gjeld ikkje på dagen før Kristi Himmelfartsdag, som vert rekna som kvardag, jf alkoholova § 3-7.

Sal og utlevering av alkoholhaldige varer skal ikkje skje på søn- og heilagdagane, 1. og 17. mai, jf alkoholova § 3-7.

5.3 Gebyr

Det skal betalast gebyr pr. vareliter for sal av alkoholhaldig drikk som inneheld mellom 2,5 og 4,7 volumprosent alkohol. Storleiken på gebyret følgjer av forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 6-2.

Høyanger kommune ved tenesteområde helse og omsorg krev inn gebyret. Avgifta går til å dekke kommunen sine utgifter til sals- og skjenkekontroll.

6. Skjenkeløyve

Alkoholova § 1-7 bestemmer at kommunen gir skjenkeløyve med mindre det vert gjeve statleg løyve etter alkoholova kapittel 5.

I Høyanger kommune er det tre typar skjenkeløyve:

6.1 Alminneleg skjenkeløyve

Alle skjenkestader må ha skjenkeløyve for å servere alkohol. Skjenkeløyve vert gjeve for "øl og vin" eller for "øl, vin og brennevin". Kommunen har ikkje sett tak på tal skjenkeløyve som vert gjeve.

Før løyve vert gjeve, skal det innhentast uttale frå politiet.

Det skal som hovudregel vere både ein styrer og ein stadfortredar knytt til skjenkeløyvet, jf alkoholoven § 1-7c.

Ved vurdering av om løyve skal gjevast, bestemmer alkoholova § 1-7a første ledd at kommunen blant anna kan legge vekt på:

"antallet sals- og skjenkestader, stadens karakter, beliggenheit, målgruppe, trafikk- og ordensmessige tilhøve, næringspolitiske omsyn, og omsynet til lokalmiljøet forøvrig. Det kan også leggjast vekt på om bevilgningssøkar og personar som nemnt i § 1-7b første ledd er egna til å ha bevilgning".



I tillegg vil kommunen blant anna legge vekt på

- At kommunen skal framstå med eit variert tilbod innan restaurantbransjen. Skjenkestader som kan vise til eit variert tilbod, slik at dei framstår som noko meir enn reine skjenkestader, blir vurdert positivt.
- At lokala er gode med tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Om staden har tilfredsstillande bygningsmessig kvalitet og er godkjent etter brannforskrifter.
- Plasseringa av skjenkestaden. Det blir synt varsemd med å gje skjenkeløyve der lokalet ligg i reine buområder (ikkje sentrumsområde). Ein skal ikkje gje skjenkeløyve ved idrettsarrangement.
- Det vert ikkje gjeve faste skjenkeløyve i tilknytning til skulemiljø, men det vert opna for løyve på kveldstid (enkelthøve).
- Om staden har uoppgjorte saker med skattemyndigheitene, eller skylder skatt/avgift til stat eller kommune.
- Om leiar, stadfortredar eller andre personar som har vesentleg påverknad på bedrifta, har normalt god vandel.
- Det vert ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve til anna enn "ordinære skjenkestader". Det vil ikkje bli innvilga skjenkeløyve til frisørar, møbelbutikker og liknande.

Gebyr:

For alminneleg skjenkeløyve skal det betalast gebyr pr vareliter for sal av alkoholhaldig drikke som inneheld mellom 2,5 og 60 volumprosent alkohol som vert skjenka. Storleik på gebyret følgjer av forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 6-2.

Høyanger kommune ved tenesteområdet helse og omsorg krev inn gebyret. Avgifta går til å dekke kommunen sine utgifter til sals- og skjenkekontroll.

6.2 Ambulerande løyve – alkohollova § 4-5

Høyanger kommune har 2 ambulerande løyve som kan disponerast av søkjarar for eit bestemt høve. Ambulerande løyve kan gjevast for øl, vin og brennevin, men kun til slutta selskap som vert halde i eit bestemt lokale.

Det skal vere ein skjenkeansvarleg i tilknytning til løyvet. Normalt vil det ikkje vere naudsynt med krav om stadfortredar ved ambulerande løyve, alkohollova § 1-7c.

Ved store arrangement vert det sett vilkår om at styrar har avlagt kunnskapsprøven om alkohollova. Det kan også settast vilkår om aldersgrenser, vakthald og krav til skjenkeareal med meir.

Arrangementet må ikkje vere berekna for barn og ungdom. Kommunedirektøren, eller den han utpeikar, avgjer til ei kvar tid kva arrangement som vert rekna som «store arrangement».

For kvart ambulerande løyve vert det kravd eit gebyr som følgjer av forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 6-2. Før løyve vert gjeve skal det innhentast uttale frå politiet. Sakshandsaminga for ambulerande skjenkeløyve er på 10 dagar.

Sakshandsaming av ambulerande løyve skal elles nytte same kriterier som opplista under punkt 6.1 om alminneleg skjenkeløyve.



6.3 Skjenkeløyve for einskildhøve – alkoholova § 1-6

Løyve for einskildhøve må knytast til ei bestemt hending. Det må gjevast særskilt løyve for kvart einskild arrangement, maksimalt for 6 dagars varigheit. Løyvet kan gjevast som alminneleg løyve eller som løyve til slutta selskap. Løyve for einskild høve kan òg nyttast til å utvide eksisterande løyve til å omfatte brennevin, utvidinga av skjenkeareal for eit einskildhøve og utviding av skjenketid.

Det skal vere ein skjenkeansvarleg i tilknytning til løyvet. Normalt vil det ikkje vere naudsynt med krav om stadfortredar ved ambulerande løyve, alkoholova § 1-7c.

Ved store arrangement vert det sett vilkår om at styrar har avlagt kunnskapsprøven om alkoholova. Det kan også settast vilkår om aldersgrenser, vakthald og krav til skjenkeareal med meir. Arrangementet må ikkje vere berekna for barn og ungdom. Kommunedirektør, eller den han utpeikar, avgjer til ei kva tid kva arrangement som vert rekna som «store arrangement».

Før løyve vert gjeve skal det innhentast uttale frå politiet. Sakshandsaminga for skjenkeløyve for einskildhøve er 21 dagar.

Gebyr:

For skjenkeløyve til einskildhøve utan eksisterande alminneleg skjenkeløyve, skal det betalast maxgebyr som for ambulerande skjenkeløyve.

For einskildhøve som inneber utviding av alminneleg skjenkeløyve, skal salsvolumet innrapporterast i samanheng med gebyr for alminneleg skjenkeløyve.

7. Uteareal

Skjenkeløyve for uteservering kan i utgangspunktet innvilgast for heile året. Kommunen kan sette vilkår for løyve til uteservering, mellom anna om avgrensing av musikk og støy, jf alkoholova §§ 4-1 til 4-4, jf kap 1.

- Der utearealet er i tilknytning til ein skjenkestad, kan skjenkeløyvet (alminnelege skjenkeløyve) utvidast til også å omfatte uteservering.
- Det kan gjevast skjenkeløyve (einskildhøve) ved spesielle friluftsarangement som festivalar, konsertar, messer og liknande.
- Arrangementet må ikkje vere berekna for barn og ungdom.
- For å få skjenkebevilling for slike arrangement må uteareala i utgangspunktet inngjerdast, eller på annan måte fysisk markere skjenkegrensa.
- Søknad skal vere vedlagt løyve frå grunneigar.
- Sakshandsaming for tildeling av skjenkeløyve for utservering skal i utg.pkt. følgje same mal som for søknader om ordinært skjenkeløyve.



8. Endringar i eigartilhøve og konsept

Ved eigarskifte eller ved vesentleg endring i det godkjende konseptet/driftsmønsteret, skal det umiddelbart søkjast om nytt løyve, jf alkoholova § 1-10.

Ved endring av styrar eller stadfortredar skal det søkjast om godkjenning frå kommunen.

Søknad leverast/sendast til postmottak i Høyanger rådhus/Høyanger kommune, postboks 159, 6991 Høyanger.

9. Opningstider

Med heimel i serveringslova § 15 skal følgjande opningstider gjelde for serveringsstader i Høyanger kommune:

- Opningstider alle dagar kl. 06.00 – 02.30
- For uteservering alle dagar kl. 10.00 – 02.30

10. Skjenketider

Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2:

- Måndag – laurdag kl. 10.00 – 02.00
- Søn-/heilag dagar kl. 11.00 – 02.00

Alkoholhaldig drikk gruppe 3:

- Alle dagar kl. 13.00 – 02.00

Uteservering gruppe 1 og gruppe 2.

- Måndag – laurdag kl. 10.00 – 02.00
- Søn-/heilag dagar kl. 11.00 – 02.00

Uteservering gruppe 3:

- Alle dagar kl. 13.00-02.00

For dagane 26.12, 01.05, 16.05, 17.05 og 31.12 gjeld skjenketider som for uteservering alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 frå 11.00-02.00 og gruppe 3 fra 13.00-02.00.

På overnattingsstader som har alminneleg sals og skjenkeløyve, med unnatak av camping, kan det skjenkast alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent (gruppe 1 og 2) til overnattingsgjester utan omsyn til avgrensingane i skjenketider, jf alkoholl. § 4-4 siste ledd.

11. Sakshandsamingstid

Ambulerande løyve vert handsama fortløpande. Søknadar for einskildhøve, som skal avgjerast av kommunedirektøren, må påreknast 21 dagars sakshandsamingstid. Alminnelege sals- og skjenkeløyve vert handsama etterkvart, men ein må pårekne 21 dagars sakshandsamingstid. For ambulerande skjenkeløyve må det påreknast 10 dagar sakshandsamingstid.



12. Løyveperiode

Innvilga sals- og skjenkeløyve gjeld fram til det vert sagt opp eller vert inndrege eller andre høve jamfør alkoholova med forskrifter.

For søknader som vert motteke i perioden juni, til og med midten av august, må det påreknast noko meir sakshandsamingstid, grunna ferieavvikling i denne perioden.

Det er søkjar sitt ansvar å sende inn søknad med påkravde vedlegg i så god tid at ovannemnde fristar kan haldast.

13. Kontroll

Kommunen skal føre kontroll med sals- og skjenkeløyva, jf alkoholova § 1-9. Dette gjeld også for lukka selskap med skjenkeløyve. Desse kontrollane vert føreteke av innleigde kontrollørar.

Forskrift om omsetning av alkohaldig drikk mv. § 9-1 gjev også kommunen pålegg om å kontrollere føring av internkontroll etter forskrifta kap. 8. Desse kontrollane vert føreteke i tilknytning til skjenke- og salskontrollane.

Kommunen kan når som helst krevje tilgang til sals- og skjenkestadens lokale og regnskap, jf alkoholova § 9-1.

I høve alkoholova skal salsstader og skjenkestader kontrollerast minst ein gang årleg. Kommunen er pålagt å utføre minst tre gonger så mange kontrollar som det er sals- og skjenkestader i kommunen, jf § 9-7 i forskrift om omsetning av alkohaldig drikk.

Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, aldersbestemmelsane, og at det ikkje vert seld eller skjenka til personar som er påverka av rusmidlar, jf Forskrift om omsetning av alkohaldig drikk mv. § 9-4.

Kontrollen kan føregå opent eller anonymt. Etter utført kontroll skal kontrolløren alltid presentere seg for stadens ansvarshavande og munnleg gjere reie for inntrykket sitt av staden, jf Forskrift om omsetning av alkohaldig drikk mv. § 9-5.

Skriftleg rapport frå kontrollen sendast snarast mogleg og innan ei veke til sals- eller skjenkestaden. Etter dette har løyvehavar høve til å uttale seg innan 2 veker, jf § 9-6 i Forskrift om omsetning av alkohaldig drikk mv.

I tillegg til skjenkekontrollane i kommunen sin regi, rapporterer politiet om eventuelle brot på alkoholova som dei måtte observere.

14. Sanksjonsformer

Skriftleg åtvaring og inndraging for dei ulike overtredingane vert iverksett etter reglane i alkoholforskrifta kapittel 10 som omhandlar inndraging av sals- og skjenkeløyve.

Prikktildeling og inndraging i § 10-2 til § 10-6 gjelder der kontroll som er gjennomført etter kapittel 9 i denne forskrifta eller rapport frå anna mynde, avdekkar at innehavar av kommunal sals- eller skjenkebevilling ikkje har oppfylt sine plikter etter alkoholova, reglar gjev i medhald



av alkohollova, reglar i lov eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollova sine føremål, eller plikter som følgjer av vilkår i bevillingsvedtaket.

Ved overtredingar som nemnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshavar eit bestemt tal prikkar. Likearta brot avdekkja ved same kontroll skal sjåast på som eit enkelt brot.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt tilsaman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på éi veke. Dersom det i løpet av ein periode på to år blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Ved berekning av toårsperioden skal overtredingstidspunkta leggest til grunn.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdraging startar ny periode på overdragingsstidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

Ved vurdering av reaksjon skal kvar sak vurderast konkret med særleg vekt på:

- Type overtreding
- Kor grov overtredinga er
- Klanderverdige tilhøve hos løyvehavar
- Kva som er gjort for å rette opp tilhøvet
- Tidlegare praktisering av løyvet

Prikktildeling etter alkoholforskrifta §10:

Eksempel på overtredingar som medfører åtte prikkar

- sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år
- brot på bistandsplikten
- hindring av kommunal kontroll

Eksempel på overtredingar som medfører fire prikkar

- sal og utlevering til person som er openbert påvirket av rusmiddel
- skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påverka av rusmidler
- brot på reglane om sals-, utleverings- og skjenketid
- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år
- brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk

Eksempel på overtredingar som medfører to prikkar

- det vert gjeve adgang til lokalet til person som er åpenbart påverka av rusmiddel
- løyvehavar ikkje sørger for at person som er åpenbart påverka av rusmidler forlet staden
- manglar ved løyvehavar sin internkontroll
- manglande levering av omsetningsoppgave innan kommunen sin frist
- manglande betaling av løyvegebyr innan kommunen sin frist
- brot på krav om styrar og stadfortredar
- gjenteke narkotikaomsetning på skjenkestaden
- gjenteke diskriminering



Eksempel på overtredingar som medfører ein prikk

- brot på kravet om alkoholfrie alternativ
- brot på reglar om skjenkemengde
- konsum av medbrakt alkoholhaldig drikk
- gjester tek med alkohol ut av lokalet
- brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
- brot på vilkår i løyvevedtaket
- brot på reklameforbodet

Dersom det ligg føre heilt spesielle og svært formildande omstende, kan kommunen tildele færre prikkar for ein overtredelse enn det som følgjer av § 10-3.

Dersom det ligg føre svært skjerpande omstende, kan kommunen tildele fleire prikkar for ein overtredelse enn det som følgjer av § 10-3. Kommunestyret kan ved svært skjerpande omstende også auke lengda på inndragingen utover det som følgjer av § 10-2, i dei alvorlegaste tilfella for resten av bevillingsperioden.

Dersom omstendigheter som nevnt i første og annet ledd vert vektlagt, skal dette grunngjevast særskilt i vedtaket.

Der det føreligg grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut førerhandsvarsel om tildeling av prikkar, jf. forvaltningsloven § 16.

Kommunedirektøren fattar enkeltvedtak om tildeling av prikkar. Bevillingshavar skal i forbindelse med vedtaket orienterast om moglege konsekvensar ved ytterlegare prikktildelingar.

Vedtaket etter andre ledd kan påklagast etter forvaltningslova sine reglar. Der klageretten ikkje vert benytta, kan tildeling av prikkar likevel påklagast i samband med klage på seinare vedtak om inndragning der tildeling av prikkar inngår som grunnlag.

Dersom tildeling av prikkar dannar grunnlag for inndraging, skal kommunen sende ut førhandsvarsel om inndraging av bevillingen, jf. forvaltningsloven § 16.

Kommunedirektøren fattar enkeltvedtak om inndraging av bevilling på grunnlag av tildeling av prikkar inntil handsaming i kommunestyret. Kommunen bør iverksette vedtak om inndraging innan fire veker etter vedtaksdato.

Ved særlege alvorlege overtredingar kan inndraging av løyvet skje allereie ved første gongs overtreding.

Politianmelding av straffbare tilhøve kan skje uavhengig av nemnde sanksjonssystem.

15. Sakshandsaming

Ved handsaming av saker i høve dei alkoholpolitiske retningslinene gjeld alkohollova og forvaltningslova.



Dette medfører mellom anna at:

- løyvehavar skal varslast om at inndraging vert vurdert og
- skal gjevast rett til å uttale seg før vedtak treffast (fvl § 16)
- saka skal vere så godt opplyst som mogeleg før vedtak treffast (fvl § 17)
- partane skal gjevast rett til innsyn i saka (fvl §§ 18 og 19)
- vedtak skal grunngjevast (fvl § 24)
- partane skal opplysast om klageadgang og klagefrist (fvl § 27)

16. Klage

Det kan klagast på kommunen sitt vedtak etter kapittel 3, 4 og 7, samt § 1-8 i alkohollova. Dette gjeld i hovudsak vedtak om:

- salsløyve
- skjenkeløyve
- gebyr/avgifter
- inndraging

Kommunen sitt einskildvedtak etter § 1-8 og kap. 3, 4 og 7 i alkohollova, kan påklagast til statsforvalteren, jf § 1-16 i alkohollova.

Klage sendast skriftleg til Høyanger kommune ved tenestoområde helse og omsorg.

17. Bevillingsmynde

Søknader om sals- og skjenkeløyve skal til handsaming i utval for helse og omsorg før kommunestyret vedtek tildeling av alkoholløyve.

Kommunestyret

- Avgjer søknader om sals- og skjenkeløyve.
- Avgjer saker om inndraging av løyve for sals- og skjenkestader.
- Avgjer endringar i tal ambulerande løyve i kommunen.

Kommunedirektøren

- Avgjer søknader om løyve for eit einskildhøve.
- Avgjer søknader om ambulerande løyve.
- Avgjer søknader om endra vilkår for eit einskildhøve. Dette gjeld skjenketid, skjenkelokale og alkoholgrupper (gjeld når søkjar har alminneleg skjenkeløyve).
- Godkjenner ny styrar og stadfortredar hos eksisterande sals- og skjenkestader.
- Avgjer reaksjon ved overtredingar av alkohollova som ikkje medfører inndraging av løyvet.
- Kan treffe mellombelse vedtak ved alvorlege brot på alkohollova/forskrifter/retningsliner. Kommunedirektøren kan omgåande inndra løyvet fram til saka er handsama i kommunestyret. Inndraging skal i slike tilfeller skje etterat det er gjeve skriftleg åtvaring, jf forvaltningslova § 16, 3. avsnitt.